



Fjell kommune, Flyktningehelsetjenesten

Dato: 20.04.2015

Vår ref.: 2015/65-40

Saksbehandlar: hanespe

Dykkar ref.:

Tildeling av tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge 2015

Det vert vist til dykkar søknad med frist 15.02.2015 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, vedtok den 16.04.2015 å tildele kr. 20.000,- til vanntilvenning for mødre og barn med innvandrarbakgrunn.

Det er krav om 50% eigendel, så tildelinga er maksimalt utteljing på søknaden som oppgjer eigendel på kr. 40.000,-.

Grunngjeving

For 2015 er det kr 900.000 til fordeling. Det kom inn 30 søknader med ein samla godkjent søknadssum på kr 1.674.270. Tildelinga er sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Ved avgjerda av dykkar sak har Kultur- og ressursutvalet lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Kultur- og ressursutvalet fant at dei vedtekne vilkåra for tildeling er oppfylte og at dykkar tiltak, etter ein samla skjønnsmessig vurdering, vert tilgodesett.

Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak er lagt ved.

Utbetaling. Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015.

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifa om IT-standard i offentleg forvaltning som regjeringa har vedteke. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar er pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som leverandør då dette er ei utbetaling.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.
2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet Kjøpars referanse.

- Link til fakturaportal <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>
- Link til brukarrettleiing <http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukaretteiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2015/65-29
 Ressursnummer: 400010
 Beløp: 20.000,-

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Føresetnader for tilsegnet

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med prosjektplan samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.)
- Tilsegnsmottakar skal gjennomføre rapportering/levere rekneskap samt medverke ved eventuell kontroll som nemnt under.
- Dersom tiltaket vert gjennomført med billettsal skal tilsegnsmottakar akseptera ordninga med følgjekort («ledsagerbevis») for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge.

Om føresetnadene ikkje vert oppfylt, kan tilskotet bli skjønnsmesseg avkorta eller falle bort. Vi ber om at Hordaland fylkeskommune vert gjort synleg som tilskottsmottakar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på <http://www.hordaland.no/logo>.

Rapportering

Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt innan 15. desember 2015. Rapporten skal minst innehalde desse punkta:

- Skildre gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Peike på eventuelle avvik og grunnje desse.
- Informere om eventuell vidareføring.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilseigna. Tilskottsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

Brot på vilkår og føresetnadar

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende.

Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt kan vedtaket om tildeling verte gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

Klage/partsinnsyn

Vedtaket kan pålagast i medhald av forvaltningslova § 28. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans for vedtak knytt til midlar løyvd frå Hordaland fylkeskommune. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagefrist er tre veker frå søkar mottek melding om vedtaket. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Friluftslivets år 2015 (FÅ15)

Hordaland fylkeskommune har ei koordinerande rolle for Friluftslivets år 2015 i Hordaland. Det er oppretta ei nettside der de som aktørar kan vere med å bidra med innhold. Send oppdatert informasjon om dykkar

prosjekt, markeringar, arrangement og anna som kan knytast til FÅ15 til Hanne Espe hanne.espe@hfk.no. Det er stor aktivitet i fylket, og dette håpar vi å kunne dele med alle innbyggjarane. Bruk logo på dei arrangementa som er knytt til FÅ15.



Har de spørsmål kan de kontakte Hanne Espe på epost hanne.espe@hfk.no eller tlf. 55 23 91 78

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Med vennleg helsing

Anna Elisa Tryti
Avdelingsdirektør Kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge 2015